



**Medlemmer i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet for Myking skule.**

|   | <b>Medlem Samarbeidsutvalet.</b> |  | <b>Vara medlem</b><br>(møter berre etter nærare avtale). |
|---|----------------------------------|--|--|
| x | Miriam Vabø                      |  | Ida Nordahl  |
|   | Torbjørn Refsdal                 |  | Ørjan Tvedt  |
| x | Vetlemøy Wergeland               |  | Irene Hodneland  |
| x | Annikken Aadneram                |  | Janne Kari Eknes   |
| x | Margunn D. Skauge                |  | Björg Myrmel   |
|   | Herborg Osmundsen                |  | Torill Myhre   |
| x | Nils Kvalvågnes                  |  | Kristine Lunde   |
|   | <b>Elevrådet:</b>                |  |  |
| x | Wiktorija Kulik                  |  | Sara K. Nordahl  |
|   | Mathilde Høgheim                 |  | Liviu Popovici   |
|   | <b>Medlem Skulemiljøutvalet</b>  |  |  |
| x | Edmund Nyheim                    |  | Eirene Kleiveland  |
|   | Chris Carlos Kleiveland          |  | Joachim Erstad   |
|   |                                  |  |  |
|   |                                  |  |  |

**X= møte**

**Referat frå felles møte for Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet ved Myking skule.**

Torsdag 15. november 2016 kl. 18.00 - kl. rom 1

---

**Då sakene i Samarbeidsutvalet for det meste fell saman med Skulemiljøutvalet sitt interesseområde kallar ein inn til møte for begge utvala samla. Vedtaka som vert gjort vert merka som vedtak i dei respektive utvala.**

**SAKER**

**1. Meldingar/referatsaker.**

Referat frå elevrådsmøte.

Wiktorija refererte: Elevrådet har hatt 2 møte. Eit 4. oktober og eit 5. frå saker elevrådet hadde arbeidd med sidan sist SU/SKMU møte. M.a. BLIME dans vert fredag 18, Elevundersøkinga for 5-6 klasse i november, ønskje om nye leikar, elevrådet presenterer seg i klassane og sal av julekaker til inntekt for Redd Barna og SOS barnebyer sitt arbeid for barn.

#### Referat frå foreldreråds-, og FAU-møte:

FAU har hatt eit møte sidan sist SU/SKMU møte. Saker som vart teke opp var erfaringar etter kinokvelden på Kløve der ca 100 store og små var med. Kjekkk aktivitet som var lett å organisera.

Intekter frå sal av kort til FAU sitt arbeid, - inntekt ca 12900.

Elevrådet har kome med ønskeliste på leikeapparat og utstyr. M.a. edderkopp (fuglereir) disse, møblar til den minste leikehytta, og ballar. FAU kan sponsa dette med inntil 10.000 etter nærare avtale med skulen.

Samarbeid med FAU på Skodvin om foredragskveld i mars (9. eller 23.), - tema om barns bruk av «Smart-mobil og nett» - v Barnevakten. FAU planlegg elles karneval fredag 10. februar og føreslær samarbeid med skulen om ein aktivitetsdag t.d. i Bergenshallen (skøyter), Modalen (basseng og bowling), Stordalen (– vinter akt).

Søndag 20. nov. vert det arrangert bruktmarked/loppemarked for vinterutstyr til barn.

Alle tek med utstyr dei ikkje brukar lenger. 7. klasse vert oppfordra til å selja vaflar og drikke.

Skuleruta er til høyring og Fau tenkjer at det er vanskeleg for mange foreldre at skulen har halv dag siste dag før jule og sommarferien. I tillegg passar ikkje dette med skuleruta desse dagane. FAU oppmodar skulen om å ha eit opplegg for elevane frå skuleslutt fram til skuleskyssen går.

#### Rapport leikeplasskontrollen:

Rektor refererte frå årsrapporten etter tilsyn av leikeplassutstyret. Det vart ikkje funne A-feil (- som kan medføra fare for barns liv). Det vart funne 1 B-feil på eine huska.

Denne vil bli skifta ut med det første. Elles var det gjennomgåande merknad på «manglande ettersyn og vedlikehald», noko skulen og har peika på ved mange høve.

Rektor følgjer opp rapporten ovanfor Eigedomsavdelinga – særleg når det gjeld det løpande tilsynet og vedlikehaldet.

#### Foreldreundersøkinga 2016 er sett i gang.

Foreldreundersøkinga som SU/SKMU vedtok skulle gjennomførast dette semesteret vart sett i gang sist veke. Frist for å svara er sett til 20. desember. Skulen deltek no i både elev-, foreldre og lærarundersøkinga denne hausten. Resultata vil vera klar ca medio mars 2017.

#### Skuleslutt siste skuledag før jule- og sommarferien:

Det har vore noko uklårt nå skulane sluttar av før jule- og sommarferien. Siste beskjed er at barne og ungdomsskulane på Lindås sluttar av slik at elevane reiser med skulebuss frå Lindås 12.30 – den 20. desember. Rektor reknar difor med at Myking skule sluttar av slik at elevane kan nytta denne skuleruta siste skuledag. Det vert sendt melding til heimane om dette i førstninga av desember.

## **2. Høyring - framlegg til forskrift om ferie og fridagar i skule og barnehage 2017-2018.**

## **Vedtak:**

SU/SKMU sluttar seg til følgjande innspel frå skulen sitt undervisningspersonale, FAU og rektor:

Undervisningspersonalet peikar på at første og siste skuledag i skuleåret er lagt til onsdagar – som ikkje er skuledagar for småskulesteget ved Myking skule. Skulen ser det som ein fordel om alle elevane kan starta og avslutta skuleåret i fellesskap. Dei to «innklemde» skuledagane måndag 30. april og fredag 11. mai bør vurderast å bli opparbeida gjennom å gå ein dag lenger til jul og sommarferien. Erfaringsmessig vert det mange som søker fri slike dagar, og kommunen bør ikkje leggja opp til at elevar misser skuledagar av di skuleruta tek i bruk innklemde enkeltdagar. Desse to skuledagane kan t.d. flyttast til torsdag 21. desember og torsdag 21. juni.

Elles meiner ein at skuleslutt før jule- og sommarferien må samordnast med skuleskyssen slik at skular som sluttar tidlegare slepp å måtta betala ekstra skuleskyss av eige budsjett. FAU ved Myking skule støttar dette og meiner også at det kan vera vanskeleg for mange foreldre at skulen har kort dag siste skuledag før jule og sommarferien.

### **3. Høring Trafikksikringsplan.**

Planen skal gjelda for perioden 2017-2020 og ligg til offentleg ettersyn i perioden 26. oktober til 6. desember 2016.

Planframlegget kan lesast på kommunen si heimeside eller på rådhuset i Knarvik.

## Vedtak:

SU/SKMU har merknad til fleire av grunngevingane på innspel som er hamna på liste «Ikkje teke med i planen»:

*FV 397 Mykingvegen*  *Samordne legging av vass*  */avlaup*  */fiber ledning etc og lage gang*  */sykkel*  */turveg over dette. «Dette gjeld samordning, ikkje tiltak innanfor trafikksikringsplanen.»*

Og

*FV 399*

*Skauvegen.*  *Samordne legging av vass*  */avlaup*  */fiber ledning etc og lage gang*  */sykkel*  */turveg over dette. Busskur ikkje trafikksikring.*  
*«Dette gjeld samordning, ikkje tiltak innanfor trafikksikringsplanen.»*

Og

*FV 396 Sævråsvegen:*

*Samordne legging av vass*  */avlaup*  */fiber ledning etc og lage gang*  */sykkel*  */turveg over dette. Busskur ikkje trafikksikring.*  
*«Dette gjeld samordning, ikkje tiltak innanfor trafikksikringsplanen.»*

Her må rådmannen ha misforstått. Grunngevinga for innspela er at ein ofte kan få fleire meter «gang og sykkelveg» for same sum trafikksikringsmidlar når trasear for anna infrastruktur vert lagt langs bilvegar. Om kommunen er flink å samordna utbygginga av infrastrukturen i slike samanhengar, kan ein for trafikksikringsmidlar oppnå inntil «nær gratis» gang og sykkelvegar oppå traseane for vvs, straum og fiber. Eksempel er trasè for vassleidning langs FV 397 frå sør til Myking. Her kunne kommunen lett ha samordna grøftetraseen for vassleidningen med gang og sykkelveg, -delfinansiert med trafikksikringsmidlar. Dette vart ikkje gjort trass sterke ønskje om dette frå skulekrinsen.

*FV 396 Sævråsvegen:*

*Gang*  */sykkelvegar langs skulevegane innanfor 4km sona.*  
*« G/S For generell, kva skulevegar?»*

og

*Fleire lyspunkt, særskilt ved busstoppa.*

*« Enkelt lys vert ikkje vurdert då dette er meir trafikkfarleg.»*

På dette punktet meiner SU/SKMU at rådmannen lett kunne fått svar på spørsmålet «kva skulevegar ligg innanfor 4 km sona frå Myking skule ved å venda seg til skulen. Grunnlaget for dette trafikksikringstiltaket er at elevar som bur nærare enn 4 km frå skulen ikkje har rett til skuleskyss. Dessutan vil gang og sykkelvegar frå inntil 4 km frå skular dekkja ein stor del av behovet for å sikra mjuke trafikantar også utanfor skulegangen

SU/SKMU lurar jo også på grunnlaget for at rådmannen vurderer lyssetting av busstopp som «trafikkfarleg».

#### **4. Evt.**

Myking skule

Nils Kvalvågnes  
Ref.

Kopi: Einingsleiar

